



Kunderådgjevar i Fiskå Mølle, Etne, Audun Økland er imponert over den drifta Hans Reidar Kjærland kan syna til. Av 3500 produsentar i landet har Kjærland den 4. beste kubesetningen.

Kvart år kjem bladet Buskap ut med ein oversikt over dei 50 mest høgtytande besetningane i landet. Det er tredje året på rad at Hans Reidar Kjærland er på denne lista. I sin klasse er han på 4. plass av 3500 produsentar. I dag møtte kunderådgjevar i Fiskå Mølle, Etne, Audun Økland fram på Kjærland med diplom og blomehelsing for å heidra denne prestasjonen.

Denne oversikta byggjer på innmelde registreringar gjennom året i Kukontrollen og levert mjølk til Tine. Hans Reidar Kjærland hadde i 2017 15,9 årskyr og leverte i gjennomsnitt 10.972 kg energikorrigert mjølk pr. ku. Til samanlikning er gjennomsnittet for landet 8.116 kg energikorrigert mjølk. Hans Reidar nyttar 26 kg kraftfôr pr 100 kg energikorrigert mjølkemengde i fylgje oversikta, medan landet nyttar 30 kg kraftfôr.

Totalt er det i underkant av 10 000 mjølkeprodusentar i landet. Alle er delt inn i tre klassar med bakgrunn i antal kyr. Hans Reidar er i klassen for opp til 20 årskyr. I denne klassen tevlar 3500 produsentar om plassen på lista over dei mest høgtytande besetningane. Det er såleis imponerende at Hans Reidar Kjærland frå Uskedalen ligg i landstoppen med sin 4. plass.

Det heile tok til for tre år sidan med ein 8. plass på lista. Året etter kom han på 9. plass. Ein samla ytelse på nesten 11.000 kg i 2017 resulterte altså i ein flott 4. plass. Så langt vi kjenner til så er det berre 3 frå Kvinnherad som er med på ei av listene. Audun Hvidevold frå Halsnøy fekk 34. plass i gruppa 20 - 40 årskyr, og Nina Skjelnes frå Varaldsøy kom på 16. plass i gruppa opp til 20 årskyr.

For Fiskå Mølle er det difor ekstra stas at heile 2 av desse kvinnheringane er faste kundar hjå dei.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal
Foto: Hans Reidar Kjærland



Gilde kyr på Kjærland er i full produksjon.